



Jenfrid Jhr AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3781 - 16/16438

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

24.06.2016

## Referat frå møte 15.06.2016 - gbnr 99/27 og 99/31 Våge

Til stades i møte var Leiv Solheim og Steinar Andersen på vegne av eigar Jenfrid JHR AS , Tronn Eriksen på vegne av Norsk Mottaksdrift, ass. rådmann Hogne Haugsdal, Karl Johannes Romarheim, Ole Johan Ingebrigtsen, Benjamin Hicks, Arne Helgesen og Siril Sylta.

Bakgrunnen for møte var situasjonen med at asylmottaket er sett i drift utan at sprinklaranlegget fungerer, ønskje om informasjon kring arbeidet med sløkkjevassløysing til asylmottaket og status i forhold til mellombels bruksløyve for bruksendringa.

### **Sprinklaranlegg:**

Lindås komme vart i juni gjort kjent med at det monterte sprinklaranlegget i asylmottaket ikkje er i drift pga. manglande vassmengde og trykk. Lindås kommune ser svært alvorleg på at sprinklaranlegget ikkje er testa og at det er drift på asylmottaket utan at sprinklaranlegget fungerer slik det skal.

### **Tiltak:**

I referat frå møte 01.06.2016 vart det vist til at det må etablerast ei mellombels løysing for å sikre vassmengde og trykk til sprinklaranlegget, med leidning frå kommunalt anlegg fram til asylmottaket. Denne leidningen må etablerast umiddelbart. Sprinklaranlegget må testast, at det faktisk fungerer. Lindås kommune ber om skriftleg tilbakemelding når dette er gjort.

Det må vidare etablerast permanent løysing for vasstilførsel frå kommunalt anlegg til asylmottaket. Dette må vere på plass før det blir frost. Det vert vist til det som går fram i referat frå møte 01.06.2016.

Ved søknad om mellombels bruksløyve må det leggest ved ein framdriftsplan for arbeid med permanent vassleidning til asylmottaket, og dato for når dette arbeidet skal vera fullført.

### **Sløkkjevatn:**

---

#### **Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### **Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



I søknad om mellombels bruksløyve datert 15.03.2016 vart det mellom anna vist til at igjenstående arbeid var permanent sløkkjevassløysing, og at denne vil vera på plass innan 30.06.2016.

På bakgrunn av dette vart det gjeve mellombels bruksløyve den 18.03.2016, med vilkår om at ferdigattest skal liggja føre innan 30.06.2016.

Situasjonen er at arbeidet med etablering av løysing for sløkkevatn ikkje er sett i gang. I møte vart det delt ut ny skisse for løysing utarbeidd av Haugen VVA, med plassering på motsett side av vatnet, enn det som tidlegare har vore akseptert frå brannvesenet. Uttalen frå Lindås og Meland brann og redning på skissa til ny løysing er:

*Lindås og Meland brann og redning har tidligare i prosessen fått tilsendt løsning på sløkkjevann. Dette er ein løysning som krever slangeutlegg på bortimot 200m. Det er tidkrevjande å legge ut så mykje slange i ein akutfase.*

*No er det komen forslag frå huseigar om å flytte sløkkjevannsutaket endå lengre vekk frå objektet. Dette medfører at avstanden til objektet vert endå lengre. Dette går så mykje utover tidaspektet i ein innsats at LMBR ikkje finn det forsvarleg å godta flyttingen.*

*LMBR held dermed fast på løysningen frå brannprosjekterande.*

På bakgrunn av dette er tilbakemeldinga at Lindås kommune ikkje vil akseptere den sløkkjevassløysinga som vart lagt fram i møtet.

For etablering av løysing for sløkkevatn må det gjerast avtale med dei grunneigarane som tiltaket rårar.

#### **Framdrift:**

Det må sendast inn ny søknad om mellombels bruksløyve før eksisterande vedtak går ut.

I ny søknad om mellombels bruksløyve må det dokumenterast at det er etablert mellombels løysing for vassleidning, frå kommunalt anlegg og fram til asylmottaket. Det må og dokumenterast at sprinklaranlegget fungerer tilfredsstillande. Lindås kommune vil **ikkje** gje mellombels bruksløyve utan at dette er på plass.

I søknad om mellombels bruksløyve må det gå fram kva sløkkjevassløysing som skal etablerast og korti dette arbeidet skal vera ferdigstilt.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arne Helgesen  
Hogne Haugsdal  
Karl Johannes Romarheim  
Lindås og Meland brannvern  
Tronn Eriksen

**Mottakrar:**

Jenfrid Jhr AS  
JHR AS  
Larsen og Solheim AS